



Arvid Edgar Eik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2466 - 14/11023

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

07.10.2014

## Byggesak gbnr 22/26 Risktad - terrenginngrep - svar på spørsmål om søknadsplikt

Dykkar brev mottatt 29.09.14 og e-post av 04.10.14.

Radøy kommune viser til vårt brev av 04.09.14:

*«Kommunen opplyste om at det må søkjast om dispensasjon for tiltaket grunna tiltaket sin plassering i strandsone og LNF område. Trong for dispensasjon frå arealføremål og byggeforbod i strandsone gjeld uavhengig av om utføring av sjølve tiltaket krev søknad, jf. plan- og bygningslova § 1-6(2) b.»*

Kommunen vil ta stilling til spørsmålet om søknadsplikt når det ligg føre situasjonsplan og terrengsnitt som viser tiltaket sitt omfang. Uansett om tiltaket er søknadsplikt eller ikkje vil det vere trong for dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone. Dokumenta som må sendast inn i samband med søknad om dispensasjon vil kommunen kunne nytt for å vurdere om tiltaket også krev søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova kap. 20.

Kommunen rår til at Dykk i første omgang nabovarslar tiltaket og sender inn søknad om dispensasjon.

Kommunen gjer merksam på at plan- og bygningslova § 17-2 som Dykk visar til er oppheva ved ikrafttreding av ny plandel til plan- og bygningslov 1. juli 2009. Gjeldande lovføresegn for byggeforbod i strandsona er plan- og bygningslova § 1-8. Byggeforbodem som gjeld etter plan- og bygningslova § 1-8 er strengare enn det som gjaldt etter tidlegare lov § 17-2. Vilåret «endres vesentlig» er tatt ut, og byggeforbodem gjeld no utan andre unntak enn fasadeendring.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Arvid Edgar Eik